



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril M Mullen, 5764 3127

Vurdere oppfølging av bekymringsmelding - Kviste - Alver kommune

Vi fekk melding 6. oktober 2022 med bekymring for forureining og fleire ulovlegheiter knytta til eidedommen gnr 491 og bnr 24 i Alver kommune.

Vedkommande opplyser at dette er sendt til Alver kommune 22. april 2022, og at det er vorte purra på svar frå kommunen datert 5. juli 2022. Vedkommande har fått opplyst at henvendingane har fått referansane BVJ3EV og UE8HNZ.

Vi ber kommunen vurdere om dette er ulovleg avfallshandtering og brot på forureiningslova § 28, og evt. følge opp saka etter § 37. Kommunen er forureiningsmyndigheit for oppfølging av forsøplingssaker og ulovlig lagring av brukte gjenstander. Kommunen kan gje pålegg om å rydde opp i avfall og liknande, eller utføre opprydding og kreve refusjon for kommunens utlegg.

Saksgangen i slike saker vil vere at kommunen tek stilling til klagen og gjer eit vedtak etter forureiningslova om anten å pålegge opprydding eller ikkje. Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast.

Vi viser til <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/avfall/for-myndigheter/folge-opp-forsopling/> for informasjon om regelverket og korleis kommunen kan gå fram for å følge opp saka. Statsforvalteren kan også gje rettleiing om regelverket.

Med helsing

Åsmund Skancke Karlsnes
overingeniør

Toril M Mullen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent